

Europaparlamentet: Ny kommisjonspresident og medlemmer av delegasjonane

18. juni 2019

- *Ursula von der Leyen godkjent som ny kommisjonspresident med knapt fleirtal*
- *Samansetning av delegasjonane klare – Andreas Schwab (EPP, Tyskland) truleg ny leiar for delegasjonen med ansvar for EØS, Noreg og nordområda*
- *Delegasjonen får fleire nordiske medlemmer (Danielson, Federley) og suppleantar (Pekkarinen, Polfjärd og Schaldemose)*
- *Polske Beata Szydło vart på nytt avvist som leiar for arbeids- og sosialkomiteen*

Europaparlamentet har denne veka hatt sin andre plenumssesjon etter valet. Mest merksemd fekk valet av Ursula von der Leyen som ny kommisjonspresident, men parlamentet har også stadfesta fordelinga av medlemmer til delegasjonane. Eit fleirtal i arbeids- og sosialkomiteen aviste for andre gong den tidlege polske statsministeren Beata Szydło som komitéleiar.

Ursula von der Leyen ny kommisjonspresident med knapt fleirtal

Ursula von der Leyen vart tysdag godkjend som ny kommisjonspresident med eit knapt fleirtal på 383 røyster. Det var berre 9 fleire enn dei 374 som var nødvendige. Både fløypartia og dei grønne røysta mot henne, og i tillegg var det motstand mot hennar kandidatur mellom anna frå den tyske fraksjonen den sentrum venstregruppa (S&D). Blant dei som støtta kandidaturet var både det polske og ungarske regjeringspartiet. I ein tale før avrøystinga kom Leyen med mange lovnadar mellom anna knytt til klima og sosiale reformer og ho lova at den nye Europakommisjonen vil ha like mange kvinner og menn. Ein del meiner Leyens knappe fleirtal gjev ho eit svakt mandat, men alle dei fire sentrumspartia (S&D, sentrum høgre (EPP), Dei grønne og det liberale gruppa (Renew Europe, RE) vil truleg kunne støtte hovudlinene i den politiske plattformen ho har presentert. Samstundes har ho bygd opp høge forventningar hjå mange.

Andreas Schwab truleg ny leiar for delegasjonen med ansvar for Noreg

Europaparlamentet fordelte denne veka representantar i dei ulike internasjonale delegasjonane. Delegasjonen med ansvar for Sveits, Island, Noreg, EØS og nordområda (DEEA) får [17 medlemmer og 17 suppleantar](#). Delegasjonen vil fyrst velje leiar etter sommaren, men ny leiar blir truleg *Andreas Schwab* (EPP, Tyskland). Han har vore MEP sidan 2004 og har heile tida vore medlem av indre marknads- og forbrukarvernkomiteen (IMCO). Han er fraksjonsleiar for EPP i komiteen og har mellom anna vore saksordførar for ein [rapport om EØS og Sveits og den indre markanden i 2015](#).

Blant dei andre medlemmane i delegasjonen er *Mairead McGuinness* (EPP, Irland) som er visepresident i Europaparlamentet og medlem av landbrukskomiteen (AGRI). Frå Sverige er *Johan Danielsson* (S&D) og *Fredrik Federley* (RE) medlemmer, medan *Jessica Polfjärd* (EPP) er suppleant. Finske *Mauri Pekkarinen* (RE) og danske *Christel Schaldemose* (S&D) er også suppleantar. Av andre medlemmer var *Norbert Lins* (EPP, Tyskland) også med i delegasjonen i førre periode og er nå nyvald komitéleiar i AGRI. Federley er inne i sin andre periode i Europaparlamentet og har vore spesielt opptatt av klima- og energispørsmål og

medlem av miljø-, helse- og matsikkerheitskomiteen (ENVI). Både Danielsson, Pekkarién og Polfjärd er nye i Europaparlamentet og medlemmer av transport- og turismekomiteen (TRAN), industri-, forskings- og enegikomiteen (ITRE) og ENVI respektivt. Danielsson har bakgrunn frå svensk LO, Polfjärd har vore medlem av Riksdagen og aktiv i nordisk samarbeid og Pekkarién har brei parlaments- og regjerings erfaring gjennom 40 år i finsk politikk. Schaldemose har også vore suppleant i DEEA tidlegare og har som Schwab lang erfaring frå IMCO.

Beata Szydło på nytt avvist som leiar for arbeids- og sosialkomiteen

Med 34 mot 19 røyster avviste arbeids- og sosialkomiteen (EMPL) måndag for andre gong kandidaturet til den tidlegare polske statsministeren Beata Szydło (den konservative gruppa, ECR) som komitéleiar. Med sin bakgrunn som statsministar og nestleiar for det polske regjeringspartiet, meiner fleirtalet at Szydło står for anti-demokratiske verdiar. EMPL er den einaste komiteen utan vald leiar. Det fører mellom anna til at konferansen av komitéleiarar i Europaparlamentet ikkje kan gjere gyldige vedtak. Det betyr igjen at estiske Kadri Simson som skal ta over som kommissær etter Andrus Ansip ut denne perioden (og er Estlands kandidat til å bli kommissær for den kommande perioden) ikkje kan bli godkjent som midlertidig kommissær.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no